

## Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.11.2014

**Kristian Helland** sette fram slik protokollmerknad på vegner av KrF, H, Frp og V:

« Kultur- og ressursutvalet legg til grunn at det i saker der det vert usemje mellom fylkeskommunen og ein eninskild kommune bør kommunen sine interesser vektleggast»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

### Innstilling

1. Fylkestinget vedtar *Regional plan for attraktive senter i Hordaland – senterstruktur, tenester og handel*, datert 30.10.2014 med følgjande hovudendringar i frå høyringsforslaget:
  - a) Planskildring og retningsliner for bydelscenter i Bergen i planens kapittel 1 endrast slik at ein fremjar sjølvforsynte bydelar. Detaljhandel i bydelscenter skal dimensjonerast for den bydelen som bydelscenteret skal betene. Unntak er bydelscenteret Indre Arna kor det skal tilretteleggjast for regionale funksjonar for kommunane Osterøy, Samnanger og Vaksdal.
  - b) Regionale føresegner og retningsliner for handel i kapittel 4 endrast. Hovudendringa er at utanfor fylkessenter, regionsenter, kommunesenter, bydelscenter og lokalsenter tillatast berre ny eller utvida detaljvarehandel med opptil 1.500 m<sup>2</sup> samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.
2. Fylkestinget delegerer til fylkesutvalet å gi samtykke til tiltak som kjem inn under regional føresegn for handel pkt. 4.1 Samtykke skal givast i samråd med fylkesmannen i Hordaland.

Protokollmerknad frå Kristian Helland på vegner av KrF, H, Frp og V:

Kultur- og ressursutvalet legg til grunn at det i saker der det vert usemje mellom fylkeskommunen og ein eninskild kommune bør kommunen sine interesser vektleggast.